**Utbyggingsavtale innanfor detaljreguleringsplan Bjørkemoen masseuttak - endring plan-id 2015013 og Bjørke bustadfelt plan-id 2015010 og føresegner i Avfallsmottak Bjørkemoen, plan-id 2014008, ref. pkt. 3.**

**Avtalen gjeld opprusting av veg Bjørkemoen frå bru Horgjolo til kryss kommunal veg og avkøyring til IHM/Ragnsells/NCC.**

VOSS HERAD
Mottatt
25 AUG. 2020
Dok.:
J.dato:
Anvs.: BLone Kopi: Torbjørn Aud

**Avtalepart: Indre Hordaland Miljøverk**

## 1. PARTER

Denne utbyggingsavtalen gjeld mellom:
Voss herad, organisasjonsnummer 960510542, heretter kalla VH,
og Indre Hordaland miljøverk, organisasjonsnummer 971155876, heretter kalla IHM

## 2. GEOGRAFISK OMRÅDE

Avtalen gjeld i samband med detaljreguleringsplan Bjørkemoen masseuttak - endring, plan-id 2015013 endeleg godkjent av Voss kommunestyre 14.06.2018 og Bjørke bustadfelt plan-id 2015010, endeleg godkjent av Voss kommunestyre 15.12.2016. Adresse: Bjørkemoen, 5709 Voss.
Avtalen gjeld infrastruktur for 2015010, 2015013 og føresegner i 2014008.

## 3. HEIMEL

Denne avtale vert inngått med heimel i Plan- og bygningslova, kapittel 17, vedkomande utbyggingsavtaler, samt Kommuneplanen for Voss 2015-2026, kapittel 6, Retningsliner, avsnitt 6.1 Retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i Voss kommune, pkt. 1-3, vekteke i Voss kommunestyre 23.04.2015, og vedtak i formannskap/plan og økonomi, detaljreguleringsplan Avfallsmottak Bjørkemoen, sak 70/16, møtedato 06.10.2016; formannskapet er kjent med andre planar i området og at det i den samanheng vert diskutert utbyggingsavtalar knytt til teknisk infrastruktur. Bjørkemoen avfallsmottak må vera budd på å ta sin høvesvise del av kostnadar knytt til slik infrastruktur ved eventuell utbyggingsavtale.

## 4. FØREMÅL

Føremål med utbyggingsavtalen er å regulere ansvar og kostnad i høve tilrettelegging av vegen Bjørkevegen/Bjørkemoen, frå bru over Horgjolo og til bru til Bømoen. Vegen skal opparbeidast med same standard og kvalitetar som Bjørkevegen har frå krysset Rv. 13 på Mønshaugen og til bru over Horgjolo.
Tiltaka i Bjørkevegen/Bjørkemoen består av i alt 4 byggjetrinn:

- Byggjetrinn 1 – Mønshaugen til Horgjolo (ferdig utført)
- Byggetrinn 2 – Kvisli bru frå Rv. 13 (ferdig 15/10–2019)
- Byggetrinn 3 – Horgjolo til kryss kommunal veg-Bjørkemoen og avkøyring IHM/Ragnsells/NCC
- Byggetrinn 4 – kryss kommunal veg-Bjørkemoen og avkøyring IHM/Ragnsells/NCC til Bjørkebrua over Raundalselvi.

## 5. TILHØVET TIL REKKEFØLGJEKRAV

Ved inngåing av denne utbyggingsavtalen oppfyller IHM vilkår for igangsetting i høve detaljreguleringsplanen sitt rekkefølgjekrav pkt. 3.2 Utbyggingsavtale.

Utbyggingsavtalen fastset avgrensing og ferdigstilling av areal omfatta av denne avtalen. Viser til pkt. 4, kulepunkt 3.

## 6. UTBYGGARS PLIKTER ETTER AVTALEN

### 6.1. Anleggsbidrag

IHM yt eit bidrag på kr 2.600.000,- , som skal nyttast som delfinansiering av tiltak *Byggetrinn 3, vedlegg 1*, som oppfylling av rekkefølgjekrav som omtalt under punkt 5. Beløpet er ein fast pris som indeksregulerast etter pkt. 6.3. Bidraget blir stilt som selvskyldner garanti frå bank.

### 6.2. Kostnadsgrunnlag

Bidraget er utrekna med utgangspunkt i kostnadskalkylar for tiltaket, byggetrinn 3 og tiltaka byggetrinn 1 - 3 har ei samla estimert ramme på kr 30.688.750.- eks. mva,

### 6.3. Regulering av anleggsbidraget – byggekostnadsindeks

Bidraget skal justerast på oppgjerstidspunktet etter SSB sin byggekostnadsindeks for veg i dagen, med utgangspunkt i indeksen pr. 1. kv. 2020.

### 6.4. Forfall

#### 6.4.1. Forfall ved søknad om igangsettingsløyve

Utbyggingsavtalen må vere godkjent av Heradstyret i Voss, og underskriven av begge partar, før igangsettingsløyve vert gitt.
IHM skal seinast tre – 3 – veker før søknad om igangsetting, orientere VH v/byggesaksavdelinga om slik søknad.

#### 6.4.2. Forfall ved eventuelt sal av eigedomen

Denne avtalen gjeld også ved sal av bygg/overdraging av festerett på gnr./bnr. 158/20. Kjøpar/overtakar av festeavtale trer då inn i utbyggingsavtalen på vegne av IHM.
IHM skal orientere VH straks bindande avtale er inngått, og dersom kjøpar/overtakar ikkje trer inn i utbyggingsavtalen, må IHM og kjøpar/overtakar gjennomføre tiltak som er omfatta av utbyggingsavtalen. Om ikkje sender VH faktura for anleggsbidraget som føl avtalen, inkludert indeksregulering, med omgåande forfall.
Forfall til betaling vert også iverksett dersom det vert innleia gjeldstinging eller opna konkurs hos IHM.

### 6.5. Trygging av bidragssummen

IHM må som trygging for bidraget, med tillegg for forventa indeksregulering, stille ein bankgaranti på den summen som kostnadsoverslaget lyder på.

## 7. VOSS HERAD SINE PLIKTER ETTER AVTALEN

### 7.1. Byggherre

VH skal vere ansvarleg for prosjektering/planlegging av tiltak. VH ber kostnad med prosjektering og byggeleiing, eigne ressursar.

VH skal vera byggherre for tiltak som skal gjennomførast. Tiltaket gjeld Byggetrinn 3. Som byggherre har VH alt ansvar og risiko forbunde med gjennomføring av tiltaket.

**7.2. Standard på tiltak**

Det skal opparbeidast veg i samsvar med gjeldande vegnormalar. Skal VH drifte og vedlikehalde dei ferdige tiltaka må dei vere utført i høve til kommunal standard.

**7.3. Tidspunkt for ferdigstilling**

**7.3.1. Opparbeiding av byggetrinn 3**

Byggetrinn 3 skal opparbeidast når der er tilstrekkeleg finansieringsgrunnlag frå utbyggingsavtaler og andre midlar. Ein føresetnad for dette er at VH skal starte prosess for erverv av naudsynt grunn langs vegtrase. Avtalt bidrag med eventuell indeksregulering blir overført til VH ved oppstart av anleggsarbeid på byggetrinn 3.

**7.3.2. Opparbeiding av andre tiltak**

For andre rekkefølgjetiltak er kravet i reguleringsplanen at desse må vere sikra opparbeidd i høve til pkt. 1.3 i reguleringsføresegene og i høve til pkt. 5 i denne avtalen.

## 8. ENDRA FØRESETNADER

Dersom det seinare blir vedtatt endringar av detaljreguleringsplanen for Avfallsdeponi Bjørkemoen på ein slik måte at det har vesentlig påverknad for dei økonomiske føresetnadane i denne avtalen, skal kvar av partane ha rett til og reforhandle pkt. 6 i denne avtalen.

## 9. KOR LENGE VARER AVTALEN

Denne utbyggingsavtalen gjeld ved ein kvar framtidig utbygging på gnr./bnr. 158/20, fram til partane sine krav etter utbyggingsavtalen er oppfylt.
Avtalen fell likevel bort seinast 10 år etter inngått avtale.

## 10. TRANSPORT AV AVTALEN

IHM kan ikkje transportere denne avtalen vidare utan skriftleg samtykke frå VH. VH kan ikkje nekte samtykke utan saklig grunn. Ein saklig grunn kan vere at kommunen sin tryggleik vert svekka av ny bidragsyter sin betalingsevne.

## 11. MISLEGHALD

**11.1. Reklamasjon**

Den part som vil gjere gjeldande verknad av misleghald, må reklamere skriftleg innan rimelig tid etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

**11.2. Erstatning**

Dersom ein part mislegheld sine plikter etter avtalen, kan den andre part krevje erstatning for direkte økonomisk tap som parten vert påført som følgje av misleghaldet. Partane har plikt til å avgrense eventuelle tap. Det kan ikkje krevjast erstatning for indirekte tap.

**11.3. For sein betaling**

Ved for sein utbetaling av bidrag iht avtalen punkt 6.1 må det betalast rente i.h.t lov av 17. desember 1976 nr. 100.

## 12. TVIST

Rettstvistar vedkomande inngåing eller oppfylling av denne avtalen, skal løysast etter norsk rett for dei ordinære domstolar, med Bergen tingrett som verneting.

## 13. VEDTAK AV KOMPETENT STYRESSMAKT

Denne avtalen er ikkje bindande for VH før den er godkjent av Voss heradstyre, jf. kapittel 2 Generelle føresegner, pkt. 2 og kapittel 6 Retningsliner, avsnitt 6.1 Retningsliner for bruk av utbyggingsavtaler i VK, pkt. 1-6 i Kommuneplanen for Voss 2011-2022, vekteken 16.06.2011, og avtalen er signert.
Sak om godkjenning vil bli førelagt kommunestyret etter at avtalen, underskriven av utbygger, har vore utlagt til offentleg ettersyn, jf. pbl. § 17- 4, 2. ledd.

## 14. EKSEMPLAR AV AVTALEN

Denne avtalen skal underteiknast i to - 2 - likelydande originaleksemplar, eitt til kvar av partane.

## 15. INFORMASJON OG KORRESPONDANSE

All informasjon og påkrav i tilknyting til utbyggingsavtalen skal vere skriftleg og sendast til partane på følgjande adresser:

Voss herad
Avdeling for tekniske tenester
Postboks 145
5701 Voss

## 16. VEDLEGG TIL AVTALEN

1. Kostnadsgrunnlag, datert 25.05.2020
2. Reguleringsføresegner (ikkje vedlagt)
3. Kartgrunnlag (ikkje vedlagt)
4. Selvskyldner garanti
5. Styrevedtak i IHM

## 17. PARTENES UNDERSKRIFTER

Sted/dato
Voss, 25.08.20

Jon Grønsberg

| Voss Herad | Indre Hordaland Miljøverk |
|---|---|

Firmaattest som viser signatur for føl denne avtalen som *vedlegg 5.*

SparebankenVest

Voss kommune
Postboks 145

5701 VOSS

Bergen, 06.07.2020

Vår ref.: 2000.96844

| | | |
|---|---|---|
| **Bankgaranti nr.** | **:** | **122569** |
| **Garantikreditor** | **:** | **Voss kommune** |
| **Garantidebitor** | **:** | **Indre Hordaland Miljøverk IKS** |
| **Garantist** | **:** | **Sparebanken Vest** |

Vedlagt oversendes bankgaranti for regning av Indre Hordaland Miljøverk IKS.

Etter at bankens ansvar etter garantien er bortfalt, må det vedlagte garantidokumentet returneres oss.

Med hilsen
For Sparebanken Vest
Audun Arefjord
Audun Arefjord
Direktebank BM Utlån

**Bank/Foretak**
Sparebanken Vest
Postboks 7999

5020 BERGEN

Organisasjonsnr.
00832554332

# Garanti

*Garantikreditors eksemplar*

| Garantinr. | Kontonr. | Saksnr. |
|---|---|---|
| 122569 | 3622 91 88539 | 200096844 |

**Hoveddebitor**
Organisasjonsnr./Fødselsnr.
009711 55876
Navn, adresse
Indre Hordaland Miljøverk IKS
Postboks 161

5701 VOSS

**Kreditor**
Organisasjonsnr./Fødselsnr.
009605 10542
Navn, adresse
Voss Kommune
Postboks 145

5701 VOSS

Norway

**Garantibeløp**

| Valuta/Landkode | Beløp | Beløpet med bokstaver |
|---|---|---|
| NOK | 2.600.000,- | TOMILLIONERSEKSHUNDRETUSEN KRONER 00/100 |

**Utløpsdato**

Garantibeløpet er en absolutt øvre ramme for bankens/foretakets ansvar. Kun misligholdskostnader ved bankens/foretakets eget mislighold kommer i tillegg.

Denne garantien er gyldig til angitt utløpsdato med mindre annet fremgår av de Spesielle vilkår.

**Hoveddebitors forpliktelser**

med tillegg av renter og omkostninger overfor hoveddebitor, likevel innenfor garantibeløpet.

Spesielle vilkår

Garantisten SPAREBANKEN VEST, Postboks 7999, 5020 BERGEN garanterer herved som selvskyldnerkausjonist for regning av org.nr. 960510542 Voss Herad Postboks 145, 5705 Voss, like overfor org.nr.971155876 Indre Hordaland Miljøverk IKS med et beløp av inntil

NOK 2.600.000

som sikkerhet for riktig betaling i forbindelse med betaling av opprusting av veg Bjørkemoen fra bru Horgjolo til kryss kommunal veg og avkjøyring til IHM/Ragnsells/NCC. Jfr. Rekkefølgekrav i utbyggingsavtale.

Garantien er gyldig til den blir frigitt, og eventuelle krav etter garantien må være fremkommet banken skriftlig.

I tilfelle tvist mellom partene med hensyn til avtalens riktige oppfyllelse vil en eventuell utbetaling under denne garanti bare finne sted ifølge minnelig overenskomst, voldgiftsdom eller endelig rettskraftig dom.

Etter at bankens ansvar etter garantien er bortfalt, må dette garantidokument returneres til banken.

Banken/Foretaket stiller seg herved som garantist overfor kreditor for riktig oppfyllelse av kontrakthoveddebitors forpliktelser for et beløp inntil garantibeløpet og på vilkår som angitt ovenfor.
Eventuelt krav etter denne garantien må være banken/foretaket i hende senest innen angitt utløpsdato, eller på en tidligere dato dersom slik følger av de Spesielle vilkår.
Så snart garantistens ansvar etter denne garanti er opphørt, skal dette garantidokument returneres banken/foretaket. Manglende retur får ingen betydning for utløp av og ansvar etter garantien.

**Bankens/Foretakets underskrift**
Sted, dato
Bergen 06.07.2020
Bankens/Foretakets underskrift

Audun Arefjord

SparebankenVest
Direktebank BM
UTLÅN

03100211201907010

**Bjarne Løne**

---

**Fra:** Jon Grønsberg <Jon.Gronsberg@ihm.no>
**Sendt:** onsdag 24. juni 2020 09:14
**Til:** Bjarne Løne
**Kopi:** Torbjørg Austrud
**Emne:** styrevedtak bankgaranti frå IHM

Hei

Vedlagt ligg styrevedtak på bankgaranti til Voss herad.
Bankgaranti frå SPV får de i neste veke.

Håper dette er ok.


Med venleg helsing
Jon Grønsberg
Dagleg leiar
Tel.95853860
Jon.Gronsberg@ihm.no

IHM

Indre Hordaland Miljøverk IKS
Tel. 56 52 99 00 I ihm@ihm.no I www.ihm.no


# Sak 39/20 - Avtale om opprusting av veg Bjørkemoen - Voss herad

Det er inngått avtale mellom IHM og Voss herad som gjeld opprusting av veg Bjørkemoen frå bru Horgjolo til kryss kommunal veg og avkøyring til IHM/Ragnsells/NCC.

IHM må vera budd på å ta sin høvesvise del av kostnadar knytt til slik infrastruktur ved eventuell utbyggingsavtale. IHM har bygd nytt flislager, og dette utløyser krav om bidrag til ny veg.
IHM yt eit bidrag på kr 2.600.000,- , som skal nyttast som delfinansiering av tiltak *Byggetrinn 3*, *vedlegg 1*, som oppfylling av rekkefølgjekrav som omtalt under punkt 5. Beløpet er ein fast pris som indeksregulerast etter pkt. 6.3. Bidraget blir stilt som selvskyldner garanti frå bank.

**Vedtak: Styret gjev dagleg leiar fullmakt til å inngå utbyggingsavtale med Voss herad, og IHM stiller selvskyldnargaranti frå bank på kr 2.600.000,-, som skal nyttast som delfinansiering opprusting av veg Bjørkemoen frå bru Horgjolo til kryss kommunal veg og avkøyring til IHM/Ragnsells/NCC.**

**Rev. 1 - 25.05.2020**

| Prosess | | Parsell 1 Kvisli Bru | | | Parsell 2 Entreprise Mønshaugane-Horjolo | | | Parsell 3 Horjolo -kryss innkøyring IHM | | | Parsell 4 kryss innkøyring IHM - Bjørkebru | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Hovedprosess** | **Enhet** | **Mengde** | **Pris** | **Sum** | **Mengde** | **Pris** | **Sum** | **Mengde** | **Pris** | **Sum** | **Mengde** | **Pris** | **Sum** |
| Prosjektering/Byggeleiing | RS | 1 | kr 200 000,00 | kr 200 000,00 | 1 | 700000 | kr 700 000,00 | 1 | | kr 750 000,00 | | | |
| Grunnavståing | RS | 1 | kr 800 000,00 | kr 800 000,00 | | | | | | | | | |
| Bru,totalentreprise | RS | 1 | kr 4 500 000,00 | kr 4 500 000,00 | 1 | | | | | | | | |
| Gangveg | Meter | 115 | kr 2 000,00 | kr 230 000,00 | 462 | | | | | | | | |
| Veg | Meter | 100 | kr 15 000,00 | kr 1 500 000,00 | 462 | | | 660 | 17000 | kr 11 220 000,00 | 420 | | |
| Mur | M2 | 100 | kr 3 000,00 | kr 300 000,00 | 300 | | | | | | | | |
| Høgspent | RS | | | kr 0,00 | | | | | | | | | |
| Usikkerheit | RS | | | kr 0,00 | | | | 1 | 100000 | kr 100 000,00 | | | |
| Rehab. av gamal vegbru | RS | 1 | kr 100 000,00 | kr 100 000,00 | | | | | | | | | |
| Ferdig vegparsell 2014 | | | | kr 0,00 | 1 | | kr 10 000 000,00 | | | | | | |
| Asfalt slitelag | | | | kr 0,00 | 462 | 625 | kr 288 750,00 | | | | | | |
| Trafikkavvikling | | | | kr 0,00 | | | | | | | | | |
| Div | | | | kr 0,00 | | | | | | | | | |
| Div | | | | | | | | | | | | | |
| Total | | | | kr 7 630 000,00 | | | **kr 10 988 750,00** | | | **kr 12 070 000,00** | | | **kr 0,00** |

**Total ex. mva**
**kr 30 688 750,00**

Næringsverkemder i Bjørkemoen - utbyggingsavtale:
IHM
NOBI
Flage Maskin AS
Ragn Sells
NCC Roads
NAF
Bjørke Biloppsamling AS
Litra